



# Nyheitsbrev frå kommunedirektøren mars 2025

## Økonomi - resultat 2024

Fjaler kommune har ein krevjande økonomi og jobba hardt for å få til ei betring siste året. Det betyr strammare rammer og krevjande tiltak. Det er derfor gledeleg å informere om at resultat for 2024 er betre enn forventa med eit positivt netto driftsresultat på om lag kr 4 mill.

I praksis betyr det at vi ikkje treng bruke kr 10,8 mill av oppsparte midlar (disposisjonsfondet) slik som det låg an til i revidert budsjett.

Innsparingsarbeid pågår utover våren og fram til vi legg fram endeleg innsparingsplan i kommunestyremøte den 19. juni 2025. I høve arbeid med innsparing får vi besøk av Agenda Kaupang og dei kjem mellom anna til å besøke skulane den 14.mars.

## Ope møte for eldre: Bu trygt heime

Folkemøte med tema inna helse og omsorg vert arrangert tysdag 25.mars kl. 14:00 - 17.00 i Kommunestyresalen, Fjalerhuset. Her kjem det informasjon frå ulike hjelpetenester i kommunen og Husbanken.

## Rekruttering

Amalia Lærke Kjær Heltø hadde sin siste dag på Fjaler legekantor onsdag 05.03. Vi har tilsett ein ny vikar frå Danmark, Jonas Navavandipour for perioden 01.03.2025 til 31.08.2025.

Anna Myklebust Johannessen er konstituert som tenesteleiar i miljøtenesta og Marte Stølen er konstituert som teamleiar i miljøtenesta.

## Innbyggjarundersøking

Innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført etter nyttår i samband med arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen viser at innbyggjarane i Fjaler er godt fornøyd med dei tenestene dei mottek. På ein skala frå 1-5 der 5 er best, så skorar vi høgt for dei «største» tenesteområda- med resultat mellom 3,8 – 4,0.

Resultatet frå undersøkinga blir brukt i arbeidet med samfunnsplanen og i arbeidet med å utvikle tenestene våre.

	Heile Fjaler
Barnehagetilbodet	4,0
Grunnskulen	3,8
Eldreomsorg	3,8
Helse- og omsorgstenester	3,8
Vegar	2,7
Gang- og sykkelstiar	2,3
Renovasjon	3,5
Drikkevatnet (vassforsyning)	4,5
Avlaupssystemet	4,1
Byggesakshandsaming	2,2
Kulturtenestene	4,0
Tilrettelegging for næringsutvikling	2,7
Kommunen si heimeside	3,5
Informasjon til innbyggjarane	3,4

## Læringsnettverk for berekraftig utvikling

Læringsnettverket der vi deltek med representantar frå leiing, politikarar, hovudtillitsvald og verneombod hadde si første samling i januar. Temaet der var økonomi og alle opplevde samlinga som nyttig. I neste møte i april vil tema vere morgondagens helse- og omsorgstenester, samspel med samfunnet, leiing i omstilling og folkevalde si rolle i plan- og økonomiprosessar.

Målet med vår deltaking er å styrke evna til å lykkast med arbeid med innsparing og omstilling som sikrar berekraftig økonomi og eit berekraftig Fjalersamfunn.

## Snart sommartid



Ein del administrative tilsette har avtale om at ein jobbar lengre dagar om vinteren (8.00-15.45) og kortare dagar om sommaren. Det vert kalla sommartid. Som ei prøveordning i 2024 prøvde ein ut at sommartid gjaldt frå 1. mai heller enn frå 15. mai som det var før. Då avsluttar ein då sjølvsgatt 15 dagar før. Arbeidstida i perioden 1. mai til 1. september 2024 vert difor 08.00-15.00 på Fjalerhuset og nokre andre stader som føler denne ordninga. Vi ynskjer å vidareføre denne ordninga.

## Teaterven kode 2025 - Teater Vestland

Som tilsett i Fjaler kommune så er du Teaterven og kan få billegare billett. Det gjeld på alle framsyningar i 2025.

Som Teaterven er du med i ei fordelsordning på teatermagi - og koden for å nytte deg av denne koden i 2025 er det no "tvI2025" som skal til for å gje deg tilgang til rabatten.

## Kommuneplanen sin samfunnsdel

Det har vore gjennomført 4 folkemøte (Dale, Flekke, Guddal, Våge) der målet har vore å få innspel til kommuneplanen innan tema som næring, klima og miljø og gode levekår. Det har vore bra oppmøte og vi har fått gode innspel og gode tilbakemeldingar på prosessen.

Arbeidet med samfunnsdelen som er «hovudplanen» til Fjaler kommune er venta å vere klar til vedtak våren 2026 og vi oppmodar alle om å engasjere seg i Fjaler si framtid og å kome med innspel. Frist for innspel er 30. mars.

## Vil du påverke korleis Dale skal sjå ut i framtida?

Har du innspel på framtidig arealbruk i Dale? Fjaler kommune har utsett fristen for å kome med innspel på kommunedelplan for Dale. Fristen er no 30. mars 2025.

Fjaler kommune har varsla oppstart av arbeid med revisjon av kommunedelplan for Dale. Kommunedelplanen skal legge langsiktige føringar for framtidig arealbruk i Dale, og det er svært viktig at vi får inn innspel i tidleg fase av planarbeidet. Dersom du har forslag til nye tiltak eller endringar i arealføremål, ønsker vi at du kjem med innspel no.



**Eg er stolt og takksam over den viktige jobben som alle tilsette gjer kvar dag for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane og å utvikle Fjaler kommune.  
Med ynskje om ein fin vår!**

**Ola Hovland**